

Eksamen

19. 05. 2017

MAR 2008

Dekk

Programområde: Maritime fag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. Kalkulator, passar og parallellforskyvar er relevante hjelpemiddel.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	To vedlegg: Kartutsnitt og deviasjonstabell.
Vedlegg som skal leverast inn	Utlevert kartutsnitt (sjå oppgåve 1).
Informasjon om vurderinga	I dette oppgåvesettet vil det bli lagt vekt på: Å praktisere det gjeldande regelverket og retningslinjene etter det aktuelle arbeidsområdet. HMS vil vere ein styrande faktor for korleis oppgåva skal løysast.

CASE

M/S TRANS CARRIER (SIDE DOOR RO-RO VESSEL) er på veg frå Bergen til Montrose, GB. Skipet er utstyrt med alle moderne navigasjonshjelpemiddel. Radaren er gyrostabilisert. Loggens korreksjonstal er 1,00. Gyroen si feilvising er 0°. Fartøyet sin servicefart er 15 kn, bunkersforbruk er 22 mt/dag. Fartøyet sitt IMO nr er 9007879 og kallesignal er C6RM5. Det er 16 personer som har sitt arbeid ombord. Deviasjonstabell er lagt ved.

Oppgåve 1

Den 20. juli 2016, kl: 08.15 LT(sone -1) viste loggen 14. M/S Trans Carrier er i posisjon N 59°57' E005°08' Rk 260°.

Denne posisjonen settes ut i kartet. (Kartet skal leveres inn).

Frå denne posisjonen peiles Stålhovo Lykt Iso 6s og Stolmasund Lykt Oc (2) 5s.

- a) Forklar kva Iso 6s og Oc (2)5s betyr.
- b) Kva blir den rettvisande peilingen av henholdsvis Stålhovo og Stolmasund lykt?
- c) Kva blir kompasspeilingane av Stålhovo og Stolmasund lykt? Bruk vedlagte deviasjonstabell og kartets misvising.
- d) Forklar kva som er meint med *deviasjon* og *misvising*.
- e) Sektorlys frå fyr, fyrlykter og lanterner har vore nytta på norskekysten i over hundre år. Ein brukar tre fargar for å skilje sektorane frå kvarandre: kvit, raud og grøn. Forklar kva vi meiner med sektorar på fyrlykter og kva dei forskjellige fargane betyr.
- f) Eit sjømerke er eit fast eller flytande merke laga for å hjelpe båtar og skip å navigere langs ei skipslei. Offisielle sjømerker er som regel merka av på sjøkart. Vi har Kardinalmerker og Lateralmerker. Forklar eller teikn korleis Kardinalmerkene ser ut og korleis vi skal navigere i forhold til dei.
- g) Distansen til Montrose N56°42,5' W 002°25' er ca 305 nm. Når vil skipet vere framme ved Montrose?
- h) Det blæs NV frisk bris i området. Korleis vil dette kunne påvirke seglinga og styrt kurs?

Oppgave 2

Ved avgang Bergen har M/S Trans Carrier fulle drivstofftankar.

- a) Kor mykje bunkers må vi rekne med å bruke på seglinga?
- b) Korleis vil bunkersforbruket påvirke stabiliteten til fartøyet? (Bunkersen vert teken frå bunntankar).
- c) Ved ankomst Montrose er det planlagt å ta om bord 16 trailerar på øvste dekk. Korleis vert KM, KG og GM endra når eit skip lastar dekkslast?
- d) Ved ankomst Montrose er det ikkje sikkert at fartøyet kan gå til kai grunna vannstanden og djupna til fartøyet. Kva faktorar skaper tidevatn?
- e) Kva meiner vi med *springflo* og *stormflo*, og kva skaper disse?

Oppgave 3

Den 21. juli 2016 kl: 0415 LT(sone -1) viste loggen 165, M/S Trans Carrier er i posisjon N58°02`E003°45`.

Maskinsjefen rapporterer om unormal varmeutvikling i maskinrommet, og kapteinen blir straks tilkalt til brua. Straks etter går brannalarmen og hovudmaskina stoppar. Maskinsjefen rapporterar etter kort tid om brann i hovudmaskin, og store skadar på turboen. Det er klart at hovudmotoren ikkje vil la seg starte igjen. Skipet driv sørover med fart på 1,0-1,5 kn og vil kunne komme i konflikt med oljeinstallasjonar om 6-8 timer. Grunna brannen i maskinrommet er det kun nødstrømsanlegget som fungerer. Været i området er bra, NV lett bris, bølgehøgde 2-3 meter. Kapteinen bestemmer seg for å senda ut hastemelding for å be om assistanse.

- a) Korleis skal ordlyden i denne meldinga vere?
- b) Kva seier regelverket angående plassering av nødstrømsanlegg om bord i lasteskip?
- c) Kvor lenge skal nødstrøms-anlegget minimum levere strøm iht. regelverket?
- d) Kva utstyr er klassifisert som nødutstyr og får strøm fra nødstrømsanlegget?

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. Kalkulator, passer og parallellforskyver er relevante hjelpemidler.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.
Vedlegg	To vedlegg: kartutsnitt og deviasjonstabell.
Vedlegg som skal leveres inn	Kartutsnitt (se oppgave 1).
Informasjon om vurderingen	I dette oppgavesettet vil det bli lagt vekt på: Å praktisere det gjeldende regelverket og retningslinjene etter det aktuelle arbeidsområdet. HMS vil være en styrende faktor for hvordan oppgaven skal løses.
Andre opplysninger	Ingen.

CASE

M/S TRANS CARRIER (SIDE DOOR RO-RO VESSEL) er på vei fra Bergen til Montrose, GB. Skipet er utstyrt med alle moderne navigasjonshjelpemidler. Radaren er gyrostabilisert. Loggens korreksjonstall er 1,00. Gyroens feilvisning er 0°. Fartøyets servicefart er 15 kn, bunkersforbruk er 22 mt/dag. Fartøyets IMO nr er 9007879 og kallesignal er C6RM5. Det er 16 personer som har sitt arbeid ombord. Deviasjonstabell er vedlagt.

Oppgave 1

Den 20. juli 2016 kl: 0815 LT(sone -1) viste loggen 14. M/S Trans Carrier er i posisjon N 59°57` E005°08` Rk 260°.

Denne posisjonen settes ut i kartet. (kartet skal leveres inn).

Fra denne posisjonen peiles Stålhovo Lykt Iso 6s og Stolmasund Lykt Oc (2) 5s.

- a) Forklar hva Iso 6s og Oc (2)5s betyr.
- b) Hva blir den rettviseende peilingen av henholdsvis Stålhovo og Stolmasund lykt?
- c) Hva blir kompasspeilingene av Stålhovo og Stolmasund lykt?
Bruk vedlagte deviasjonstabell og kartets misvisning.
- d) Forklar hva som menes med *deviasjon* og *misvisning*.
- e) Sektorlys fra fyr, fyrlykter og lanterner er blitt benyttet på norskekysten i over hundre år. Det benyttes tre farger for å skille sektorene fra hverandre: hvit, rød og grønn. Forklar hva vi mener med sektorer på fyrlykter og hva de forskjellige fargene betyr.
- f) Et sjømerke er et fast eller flytende merke laget for å hjelpe båter og skip å navigere langs en skipsled. Offisielle sjømerker er som regel merket av på sjøkart. Vi har Kardinalmerker og Lateralmerker, forklar eller tegn hvordan Kardinalmerkene ser ut og hvordan vi skal navigere i forhold til dem.
- g) Distansen til Montrose N56°42,5' W 002°25' er ca 305 nm. Når vil skipet være fremme ved Montrose?
- h) Det blåser NV frisk bris i området. Hvordan vil dette kunne påvirke seilasen og styrt kurs?

Oppgave 2

Ved avgang Bergen har M/S Trans Carrier fulle drivstofftanker.

- a) Hvor mye bunkers må vi regne med å bruke på seilasen?
- b) Hvordan vil bunkersforbruket påvirke fartøyets stabilitet? (Bunkersen blir tatt fra bunntanker).
- c) Ved ankomst Montrose er det planlagt å ta ombord 16 trailere på øverste dekk. Hvordan endres KM, KG og GM når et skip laster dekkslast?
- d) Ved ankomst Montrose er det ikke sikkert at fartøyet kan gå til kai grunnet vannstanden og fartøyets dybde.
- e) Hvilke faktorer skaper tidevann?
- f) Hva menes med springflo og *stormflo* og hva skaper disse?



Oppgave 3

Den 21.juli 2016 kl: 0415 LT(sone -1) viste loggen 165. M/S Trans Carrier er i posisjon N58° 02` E003° 45`.

Maskinsjefen rapporterer om unormal varmeutvikling i maskinrommet, og kapteinen blir straks tilkalt til broen. Straks etter går brannalarmen og hovedmaskinen stopper. Maskinsjefen rapporter etter kort tid om brann i hovedmaskin, og store skader på turboen. Det er klart at hovedmotoren ikke vil la seg starte igjen. Skipet driver sørover med fart på 1,0-1,5 kn og vil kunne komme i konflikt med oljeinstallasjoner om 6-8 timer. Grunnet brannen i maskinrommet er det kun nødstrømsanlegget som fungerer. Været i området er bra, NV lett bris, bølgehøyde 2-3 meter.

Kapteinen bestemmer seg for å sende ut hastemelding for å be om assistanse.

- a) Hvordan skal ordlyden i denne meldingen være?
- b) Hva sier regelverket angående plassering av nødstrøms-anlegg om bord i lasteskip?
- c) Hvor lenge skal nødstrømsanlegget minimum levere strøm iht. regelverket?
- d) Hvilket utstyr er klassifisert som nødutstyr og får strøm fra nødstrøms-anlegget?



www.vigoiks.no/eksamen